



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Miljøverndepartementet
Statsråd Tine Sundtoft
Pb 8013 Dep
0030 OSLO

Dato: 09.12.2013

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidarkretsar og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Bekymringsmelding frå dei grønne organisasjonar i Møre og Romsdal – frislepp av snøskuterkøyring

Vi viser til pressemelding av 15.11.2013 om etablering av ei forsøksordning som gir kommunane moglegheit til å etablere snøskuterløyper til fornøyelsekøyring.

Saka er drøfta i møte i FNF Møre og Romsdal 03.12.2013 der FNF kom til følgjande;

« FNF Møre og Romsdal ønskjer å sende ei bekymringsmelding til Miljøvernministeren om at vi ser på frislepp av snøskuterkøyring som høgst uheldig for nasjonen. Dei grønne organisasjonane vil peike på at dei er imot fornøyelsekøyring med snøskuter i dei heile. Det strir mot den norske folkesjela at det no blir invitert til auka motorferdsel i utmarka. Friluftsfolket flest søker naturopplevingar i stille omgjevnader med minst mogleg motorisert ferdsl. Vi ber om forståing for dette synet, og ber om at regjeringa snur i denne saka.»

helsing

Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli
koordinator